

Referat frå kyrkjelydsmøte (årsmøte) 20.09.2020 i Kviteseid kyrkje.

Tid: 12.45 – 14.50

18 personar var til stades.

Saker:

➤ **Val av møteleiar, sekretær og 2 til å skrive under protokoll:**

Møteleiar: Marit Gotuholt. Sekretær: Sigrun Moen Underskrift av protokoll: Sigrun og Jørgen Moen

➤ **Årsmelding.**

Soknerådsleiar Marit Gotuholt las delar av årsmeldinga. Kyrkjeverje Kristen Salmelid orienterte om økonomidelen av årsmeldinga, sokneprest Møyfrid Lunde om soknerådet sitt arbeid, organist Olav Holm om sitt arbeid og Kirsti Skjæveland om diakoniarbeidet i soknet.

Kommentar til årsmeldinga: Det har blitt færre forordna gudstenester i soknet enn tidlegare (52 forordna gudstenester i 2019). I den samanheng vart også nemnt balansen mellom kyrkjestadene – talet på gudstenester i dei ulike kyrkjene. Det vart uttrykt ynskje om å styrkje kyrkja i Kviteseid sokn. Ein av grunnane til nedgangen i talet på gudstenester er at Kviteseid sokn berre har ein prest med stor arbeidsmengde. Kan lekmannsgudstenester vera eit alternativ?

➤ **Rekneskap.**

Kristen gjorde greie for årsrekneskapen.

➤ **Informasjon.**

a) *Endring/justering i gudstenesteordninga:*

Noverande ordning vart godkjent på kyrkjemøtet i 2011. Erfaringane viser at det er forskjellar kyrkjelydane imellom på landsbasis. Forslag til ny ordning, med verknad frå 1. s. i advent, skal føre til færre val og meir lik praksis frå stad til stad. Det er høve til å søkje om å halde fram med same ordning som no. Noverande gudstenesteordning i Kviteseid sokn er tilnærma lik det nye forslaget. Soknerådet godkjenner søknad og sender vidare til prost og biskop.

b) *Nytt misjonsprosjekt 2021-2024:*


Misjonsprosjektet i Bajhang (Nepal) er avslutta, men håpar på nytt prosjekt. Det er også mogleg å velje andre prosjekt. Ein kan då koma med innspel til prosjekt fram til utgangen av 2020. Soknerådet vil vurdere desse innspela.

Forslag frå Hadle Hovda: Støtt prosjektet til Karen Elisabeth Wittersø og Fredrik Hector, som arbeider med bibelomsetjing til lokalt språk i Etiopia.

➤ **Anna.**

Innkalling til møtet og sakliste var ikkje kunngjort før møtet. Dette vart kommentert. Dei som deltok på møtet fekk heller ikkje spørsmål om å godkjenne saklista.

Kviteseid 21.09.2020


Sigrun Garvik Moen


Jørgen Moen